Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Granvin

Emne: Veving Bygdelag:

Oppskr. av: Knut L. Dale Gard:

(adresse): Granvin G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Opplysningan gjevne av bondkonene: Kari Dale 73 år, Marta Vik 47 år og Gunid Dale 62 år alle frå Granvin

SVAR

1 Det var vend som vart brukt til mannsklede. Tröya, vest og buksa (dress) og busserull. Desse plagga som er nemde var alle vövne av berre ull eller ru (vaarull)

2 Til kvinneklær var vevnaden kviskjefta av ull eller ru, plagga var doss og tröya Fetlestakk (likna paa doss) var eit plagg som var i bruk til for ikring 100 aar sidan. Besteмor mi Anna Katrina f. Kolven 1821 brugsar og fortalde om det. Dei stelte stakken med kokheit vatn saa vadmaalet vart hardt og stivt, og var det godt nok gjort skulde stakken staa av seg sjölv naar den var ferdig.

3 Underklær baade til menn og kvinner var brukt av vevnaden (baae slag) vend og kviskjefta. Plagga var ulla og underbuksa til menn og for kvinner ulla underbuksa og understakk. Alt av ull eller ru.

4 Sengeamburg var visst nok ikkje saa mykje i bruk her i bygda, me kjenner ikkje til det.

÷

9476

5 Sengklæder: Det var kvitlar av vendevåg, og Krokaaklar det vanlege i staden for sengeteppe. Elles var oftast Skinnfelden i bruk framyver i forrige hundradaar. Det simplaste av linet vart brukt til puteVer.

6 Dukar og serviettar: Dei var av lin. Linet spann og vov ~~dei~~ det sjölve, det skulde for det allar meste
7 vera til dukar — Kunde vel brenda men sjeldan til handdukar — Det gravaste av linet (er det sagt) vart nytta til skjorter — stiveskjorter —

8 Krokaaklær var det vanlege som vart brukt. Dei hadde ei serskild veggogn til det. Den var noko breidare enn den dei vov vadmaal i, full breid i den omlag 2 alner — lengd 3 alner. I kvart aakla gjekk med ca 3 kg veft (av ymse fargar) varpe var enten av hamp eller ullgarn — eller baae deler —

Smettaaklar — Sjonaaklar var ikkje i bruk til kvardags, det var ved ymse högtider dei vart henta fram fraa Klædeskista

II Lindar som var brukte til og bera smaaborn paa ryggen med. Dei var omlag 2 kamar breie, og ikring 5 alner lange. Paa mange gardar i bygda er der og finna slike band endaa. Saa var det smale band ½ kame breide av lin, vovne i enkelt mynster av same lengd som lindar.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Dei skulde vera brudle til og linda rundt sonnaborn naar dei vart døypte. Det vart og vovne fyrkla-band, og band som kvinnorna (gentene) hadde til og halda haaret paa plass – helst til kyrkje-brudl

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING